

## Festfinale av Norway Cup-jentene!!

03.08.2018



Glde vinnarar med pokalen.

Å sitja heime å høyra at Heia Uskedal rungar i hovustaden med 9 tenåringsjenter som hovuaktørar, det er fest det!! Akkurat slik var det då J14-laget til Uskedal IL spela finale i Norway Cup. Dei gav oss ei festførestilling som ikkje berre laget er stolte av. Heile bygda deler stoltheten med desse flotte ungdommane etter den imponerande 4-1 sigeren over Skodje IL!

Resultatliste - Siste 20 kamper					Resultat
Tid Time	Klasse Class	Gruppe Group	Lag Team		Result
14:00	B	4	Fjellhamar 2 - KFUM-Kam. Oslo		5 - 0
13:45	B	8	Koll IL 1 - Abildsø IL		3 - 1
13:30	B	2	Stridsklev IL 1 - Skeid		2 - 1
13:30	B	2	Stange SK 2 - Lyn Fotball		3 - 2
13:30	B	4	Bakke IF - Koll. IL		1 - 1
13:30	B	14	Rustad IL - Bagn IL		4 - 1
13:30	B	14	Kolbotn IL Racing Club de Kolbotn - KFUM-Kam. Oslo		3 - 1
13:30	B	B	Trio IL Trio G14 Rød - Eikelandsfjorden IL		1 - 2
13:30	G	B	Uskedal IL - Skodje IL		4 - 1
13:00	B	A	Tana Ballklubb - Oppsal IF Fotball		2 - 8

Resultatet er klart

Heilt frå start fulgte jentene opp den flotte innsatsen frå dei siste kampane. Dei tok initiativet i kampen, og allereie etter tre minutt fekk dei løn. Emma Myklebust Ripel sette inn ei nydeleg scoring. Då kom tanken: kanskje kan dette gå? Og vi skulle få meir nydeleg spel og klassescoringar!

Etter 7 minutters spel fekk same Emma eit flott gjennomspel. Med imponerande nedtak tok ho mot ballen, og på neste touch sende ho i veg eit nydeg skot med venstrefoten. Ballen suste inn i vinkelen. Og det skulle verta meir å glede seg utover i omgangen. Etter kombinasjonsspel i fleire trekk av høg klasse mottok Emma M. Ripel ballen frå Ruth Maria Myklebust. Emma var verkeleg i støtet og let seg ikkje be to ganger og sette inn si tredje scoring. Dermed var hat tricket fullbyrda!

Før omgangen var slutt fekk vi nok ei klassescoring! Ruth Maria Myklebust mottok ballen, og frå langt hald testa ho den gode skotfoten sin. Ballen fauk som eit prosjektil inn i vinkelen. Ein super prestasjon.

Med 4-0 i pauseresultat var det naturleg at andre omgang vart jamnare. Skodje kom langt meir med i spelet. Begge lag hadde sine sjansar og det var ikkje ufortent at Skodje fekk trøstemålet sitt på ei fin scoring midtveis i omgangen. Uskedalsjentene hadde full kontroll, og dei kunne lett fått fleire mål. Det skal og seiast at Skodje sin keeper spelte svært godt. Særleg mot slutten hadde ho fleire superredningar.



Glade med god grunn.

Vi gratulerer jentene med den flotte innsatsen! Vi er umåteleg stolt! Dei hadde ikkje dei store forventningar før dei reiste. Berre 9 spelarar i ei såpass lang turnering med mange kampar er tøft. Her trur eg kondisen som dei har opparbeidd seg gjennom allsidige aktivitetar har kome godt med. I tillegg viser fotballklokskapen og samarbeidet dei viser på banen at trenarane Gørill Samland Eik og Roar Musland har gjort ein svært god jobb. Vi har også vore imponert over måten leiarane har involvert spelarane i fram mot turneringa med inntektsbringande tiltak. Vi set pris ekstra pris på å kjøpa vafler eller lodd i slike samanhengar. Og vi er sikre på at det gjer noko med lagkjensla. Vi gratulerer og hyller vinnarane! Dei har sett Uskedalen på kartet på ein strålende måte!!

#### **Sluttspelvinnarane i Norway Cup er:**

##### **Spelarar:**

- Helene Myklebust
- Anna Elisabeth Samland Eik
- Emma Måkestad Smith
- Saima Kristine Lomheim Døssland
- Celine Musland
- Selma Ovidia Guddal Tarberg
- Åsne Hjelmeland Arnesen
- Emma Myklebust Ripele
- Ruth Maria Myklebust.

##### **Trenrarar:**

- Gørill Samland Eik
- Roar Musland

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Espen Eik og Knut Johannes Ripei